



Fire på ein dag

Søndag 2. september 2018

Turen går innom fire mål: **Friarane, Brennesteg, Vardafjellet og Aksla.**

Starten er kl. 9.30, og du kan starta i **Blikrabygda** eller **Gjerdesdalen**. Frå gamalt av var der ein ferdselsveg mellom desse to bygdelaga. Den er merka frå begge sider.

På høgdedraget midtvegs ligg det nokre stor steinblokker som heiter **Friarane**.

Her treffest dei som startar i Blikrabygda med dei som startar i Gjerdesdalen, Her kan du betale deltakaravgifta, 50 kr. (100 kr. for familie).

Så går me samla vidare over **Låvene**, og opp urda. Den er spennande å klyva i, men godt tilrettelagt med tau til å halda seg i. Det er flott utsikt på høgdedraget mot **Brennesteg**.

Frå Brennesteg kan du, om du er sliten, gå ned til Blikra og avslutta turen. Men har du mot på meir er det berre å leggja i veg. Stien går innom **Himmelriks-hidleren**, Her kan det passa med ein matpause, særleg viss det er dårleg vèr. Turen går vidare mot **Stemvatnet**, og så opp til **Vardafjellet**. Vidare går ferda mot toppen på **Aksla** (793 moh) som er høgaste punktet på marsjen. Frå Aksla må du gå eit lite stykke tilbake same vegen, og så ned skaret. Der er det bratt, men med god sikring. Vidare nord til hytta på **Sletthaug**.

På Sletthaug har speidarane bål der du kan få grilla medbrakt grillmat. Det blir og utdeling av bålkokt kaffi. SK-Vats deler ut frukt og saft.

Frå Sletthaug er det traktorveg ned til **Aurdal**, der det er busstransport tilbake til startpunktet. Heile turen tek om lag 5 – 6 timar. Men du kan bryta av og gå deler av turen. Målet med marsjen er ikkje å setja fartsrekord, men at så mange som mogeleg blir med og opplever naturen, får seg ein god drøys med kjende og ukjende, og litt trim. På store deler av turen er det flott utsikt over bygda. Turen er for alle.

Arrangørar er: SkVats, og KFUK-KFUM- speidarane i Vats.

Deltakaravgift: 50 kr, maks 100 kr for ein familie, som ein betaler på Friarane.

Deltakaravgifta går til informasjon, utdeling av forfriskningar og buss frå Aurdal til Blikrabygda/Gjerdesdalen.

Elles vil me oppmoda alle om å skriva seg i Nutafant-bøkene som ligg på nutane.

Kart finn du og på Vindafjord kommune si heimeside:

<https://www.vindafjord.kommune.no/kultur-og-fritid/friluftsliv/vats.453290.aspx>

Vel møtt og god tur



Høgdeprofil Fire på ein dag

